



Leiar Erik Oddvar Eriksen ved europaforskingssenteret Arena ser krisa som herjar euroområdet i dag som ei etterdønning av den globale finanskrisa. Foto: Arena

EU-ekspert: - Eurokrisa fører til eit tettare EU

- Eurokrisa er ei styringskrise, og den vil føre til ei endring av EU i retning av ein tettare union.

29.09.2011 12:33

4 Kommentarer • Like

0

Det var hovudbodskapen til leiar Erik Oddvar Eriksen ved europaforskingssenteret [Arena](#) under eit føredrag på Universitetet i Oslo torsdag.

- Det blir ropt på effektive tiltak, men det skjer ingenting, sa Eriksen.

Etterdønning av finanskrisa

Eriksen ser krisa som herjar euroområdet i dag som ei etterdønning av den globale finanskrisa.

Dei lange, tunge forhandlingane og dei store ueinighetene om krisehandteringa forklarte Eriksen med EUs struktur.

EU er verken eit mellomstatleg samarbeid slik som FN, eller ein føderalstat som USA, men ein mellomting. EU har felles marknad, felles valuta, men ikkje noko felles økonomistyring, felles skatt og heller ikkje felles sosialpolitikk.

- Det er ein svakheit ved dagens EU. Styringsstrukturen er ubalansert på det økonomiske området, sa Eriksen.

Vegskilje

Han viste til at mange analytikarar meiner at EU i dag står ved eit vegskilje, der ein kollaps av euroen er ein mogleg utgang. Tettare samarbeid er ein annan. Eriksen gav uttrykk for at han trur på det siste.

- EU har nyleg oppretta tre nye tilsynsorgan som har ansvaret for å overvake medlemsstatane sin økonomi, sa Eriksen.

Onsdag vedtok EU-parlamentet seks nye lover som alle skal sørge for strengare budsjettstyring i eurolanda. Dei nye lovane regulerer kor stor budsjettunderskota i medlemslanda kan vere. Samstundes inneber det også høge bøter til medlemsland som bryt reglane. Dette skjer parallelt med forhandlingane.

—Krisa kan kome til å skape nye institusjonar og ei ny omdreining i integrasjonen i EU.

SISTE
NYESTE FØRST
MEST BRA